

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Bergen HF

DATO: 16.01.2018

SAKSHANDSAMAR: Gry Kolås

SAKA GJELD: **Rettsaker 2017**

STYRESAK: **05/18 O**

STYREMØTE: **25.01.2018**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar saka til orientering.

Bakgrunn

I styremøte den 16. januar 2002, sak 14/02, fekk styreleiar fullmakt til å fremje søksmål på vegne av Helse Bergen HF og til å anke avgjerder i tingrett og lagmannsrett der føretaket er part. Svært prinsipielle saker og/eller saker av stor offentleg interesse, skal behandlast av eit samla styre før det blir tatt endeleg avgjerd om å fremje søksmål eller anke avgjerder i domstolane. Styret sette som vilkår at dei blir haldne orienterte om rettssaker som føretaket er eller kan rekne med å bli involvert i.

Rettssaker i 2017

Arbeidsrett:

Helse Bergen HF har i 2017 inngått forlik i tre saker om opphøyr av arbeidsforhold, inklusive den saka som styret vart orientert om i januar i fjor.

Ei stemning frå tidlegare tilsett som gjeld opphøyr av arbeidsforholdet er fortsatt under behandling.

Eigedomsrett forskingsmidlar (pengekrav):

Helse Bergen HF og Universitetet i Bergen gjekk til felles søksmål mot tidlegare tilsett Amund Gulsvik med krav om tilbakebetaling av forskingsmiddel. Oslo tingrett frifann Gulsvik for krava i dom av 1. desember 2015, jf. orientering i styremøtet 14. desember 2015. Saka blei anka, jf. orientering i styremøtet 28. januar 2016.

Dom i Borgarting lagmannsrett blei avsagt 18. mai 2017, jf. orientering til styret i sak 48/17 O (eventuelt). Helse Bergen HF og Universitetet i Bergen fekk medhald i at institusjonane er eigar av dei resterande forskingsmidla etter GenKols-studien, men ut over det vart anken frå Helse Bergen/UiB forkasta. Gulsvik vart tilkjend dekking av sakskostnader.

Bakgrunn for saka

Det blei i 2012 identifisert eit omfattande endringsbehov knytt til forvaltning av forskingsmiddel gjennom Innovest AS. Då føretaket fekk kjennskap til situasjonen, blei det sett i verk ulike forbetringstiltak. Tiltaka blei gjennomførde i eit samarbeid mellom Helse Bergen HF, Universitetet i Bergen og Innovest AS. I dette arbeidet blei det avdekt praksis knytt til enkeltforskarar som føretaksleinga fann grunn til å følgje opp.

Eigedomsrett lokale («Anger-avtalen»):

Helse Bergen HF var saksøkt av Bergen kommune med krav om tilbakeføring av eigedomsrett til eigedomar, jf. orientering og notat til styret i styremøtet 16. desember 2016 (sak 93/16 - nr. 6). I Bergen tingrett sin dom 17. januar 2017, er Helse Bergen dømd til å skøyte over

eigedom retten til Moldbakken 9 og sameigedel i Knappentunet vederlagsfritt til Bergen kommune. Helse Bergen HF vart frifunne for kravet om tilbakeføring av Moldbakken 9A. Ingen av partane blei tilkjende sakskostnader.

Dommen blei anka i februar 2017. Ankesaka i Gulating lagmannsrett er planlagt 5.-12. februar 2018.

Avtalerett

- Helse Bergen HF var saksøkt i tvist om sluttoppgjer og dagmulkter i ein leveranse. Saka blei heva som forlikt før rettssaka tok til.
- Namsmannens avgjersle vedkommande opphøyr av leigekontrakt i Helse Bergen-lokale, blei påklaga til tingretten. Helse Bergen fekk medhald i at opphøyr av leigeforholdet var i samsvar med kontrakt og såleis gyldig.